
Saksnr: 2020/77152-6
Saksbehandlar Lotte Karoline Lynngård
Dato: 03.12.2020

Til: Fylkesutvalet

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Uttale frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne til sak: Forslag til ny forskrift for transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga) i Vestland

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne hadde møte 02.12.20, og saka PS 22/20 Forslag til ny forskrift for transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne (TT-ordninga) i Vestland vart diskutert.

Det skal vere fylkesutval 10.12.20.

Rådet ønsker å gi følgjande uttale:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at følgjande innspel takast inn i forslag for ny forskrift: Endring av § 5 andre ledd bokstav a) til: «(...) blinde/svaksynte med ein visus på 0,33 eller lågare får tildelt 1.3 x grunnbeløpet.» (Dette for at fylket skal forholde seg til WHO's klassifikasjon på synshemming, og at andre fylker følgjer denne malen).

Endring av § 5 tredje ledd: «Søklar som disponerar bil innkjøpt med støtte frå NAV skal ikkje verte trekt av sin kvote til den fylkeskommunale tt-ordningen.»

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er usikker på kva siste setning i § 5 med justering av tildeling vil bety for føreseieleg tildeling for brukaren, og brukaren sitt behov for å kunne planlegge.»